

Tilskot til lokale miljø- og klimatiltak

- søknadsskjema

Tilskot til lokale miljø- og klimatiltak i Hordaland, søknadsskjema for støtte. Send skjema til Hordaland Fylkeskommune, Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen eller hfk@hfk.no innan **15. februar**. Ver venleg å merke søknaden med: «Lokale miljø- og klimatiltak, ref.2017/241»

Kontaktperson: Tale Halsør, tale.halsor@hfk.no, 922 066 75. Meir informasjon på www.hordaland.no/miljo

1. Søkjar			
Namn på søkjar:	HARDANGERFJORD VILLFISKLAG		
Prosjektnamn:	Hardangerfjordseminaret UNG 2017		
Kontaktperson:	Sven-Helge Pedersen		
Adresse:	Nedre Røystrand 118, 5736 GRANVIN		
Telefon:	9517 5308	E-post:	villfisk@gisp.no
Kontonr:	3450.35.68340	Organisasjonsnr:	988118753

2. Søknad			
Totalbudsjett:	240.000.-	Søknadssum:	Kr. 75.000.-
Planlagd start:	Februar 2017	Planlagd slutt:	Oktober 2017

Har de søkt om tilskot til prosjektet tidlegare? Ja. I oppstartsåret 2015 og i 2016

a) Målet med prosjektet

Mål for prosjektet

- Skape interesse og auka forståing for fjord- og vassmiljøet som ein spennande arena for ei bærekraftig forvalting av miljø- og næringsinteresser.
- Synleggjere lokale realfaglege jobbmoglegheiter.
- Bidra til gode haldningar og omtanke for miljøet, som grunnlag for eigne handlingar no og seinare i livet hjå elevane.

b) Kvar skal prosjektet gjennomførast?

Prosjektet vert gjennomført som ei to-delt samling med seminar- og ein praktisk retta del på Thon Hotel Sandven og Hardanger Fartøyvernsenter i Norheimsund.

c) Samarbeidspartnarar

Hardangerfjord Villfisklag som prosjekteigar og – ansvarleg
Hordaland Fylkeskommune, Fylkesmannen i Hordaland, Havforskningsinstituttet, Fiskeri- og Miljødirektoratet, UiB og dei vidaregåande skulane i Odda, Kvinnherad, Fusa, Fitjar, Voss, Framnes og Øystese.

d) Er kommunen involvert i prosjektet og evt korleis

Kommunane er ikkje involvert i dette prosjektet.

e) Korleis bidreg tiltaket til betra miljø og berekraftig utvikling?

2. Kort budsjettoversikt

Inntekter	kr	Utgifter	kr
Fylkesmann/Miljødir	20.000	Planlegging, gjennomf og evaluering	60.000
Hordaland Fylkeskommune	75.000	Reisekost/servering elever/innleiarar	25.000
Lokalstøtte næringsaktørar	25.000	Honorar/reise/overnatting innleiarar	25.000
Tid og reisekostnad 7 skular	70.000	Tid og reisekostnad 7 skular	70.000
Eigen innsats/dugnad	25.000	Husleige, Info og marknadsf	35.000
Sum inntekter	205.000	Sum utgifter	205.000

Alle finansieringskjelder (som egne midlar, kommunale, fylkeskommunale, statlege og private tilskot, dugnader og gaver) skal spesifiserast. Budsjettet skal balansere.

3. Kort oversyn over prosjektet (maks ei halv side)

HardangerfjordseminaretUNG

Hardangerfjordseminaret UNG (hfsUNG) vert i 2017 skipa til for tredje ret på rad. Seminaret formidlar naturfagleg kunnskap med fokus på vassdrag, fjord og miljø til elevar i vidaregåande skule.

Tiltaket er ei todelt dagssamling for elevar i 2. og 3. klasse på vg. skular med tilknytning til Hardangerfjorden og som har biologi på timeplanen.

Vi ynskjer å gi elvane eit nærare innsyn i fjordens og vassdraga sin økologi, utfordringar og moglegheiter, forskning, etikk, bidrag til å fremme kritisk vurdering og tenking i høve til kva som er ei bærekraftig utvikling. Som arrangørar av Hardangerfjordseminaret gjennom 10 år har vi eit breidt og fagleg svært godt nettverk innan ulike relevante nærings-, forvaltnings-, forskings- og utdanningsmiljø. Dette gjer oss i stand til å tilby godt fagleg forankra program til elvane som møtest på seminaret. Vi kan difor tilby eit program med foredrag, workshops og aktivitetar tilrettelagt av landets fremste fagpersonar innan ulike naturfaglege felt.

Foredraga og aktivitetane vert knytt opp til kompetansemåla i læreplanen.

Føremålet med seminaret er:

- Å gjere elvane kjende med nærmiljøet sitt
- Vekke interesse for den biologien som vi finn i fjorden og knyte dette opp til teorien som dei lærer i faget.
- Vekke interesse og glød innan det fagvalet dei har teke, også med tanke på vidare utdanning og lokale jobbmoglegheiter.

Biologielevar frå alle Hardangerkommunane, Kvinnherad, Fusa og Voss, om lag 120 elevar og i tillegg lærarar, vert inviterte. Vi opplever at det for elvane er bra å komme ut av klasserommet og ta i mot læring på ein annan arena.

Elevar ved kokke- og restaurantlinja på Fitjar vg. skule vil også i år få oppdraget med å lage og servere lunsj til alle deltakarane og foredragshaldarane. Dette er eit innslag som har vore ein stor suksess på dei tidligare seminarane våre.

Søkjjarar som får innvilga tilskot, skal levere kortfatta rapport for bruk av tilskotet. Dette skal gjerast seinast 15. februar året etter. Om søknaden ikkje er fullstendig utfyllt eller det manglar relevante vedlegg, kan det ikkje ventast at han vert handsama.

Leiar: _____
(namn)

Dato: _____
(underskrift)